



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 01.09.2026
Tid: Kl. 08:30 - 11:50

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Morten Mortensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Knut Robert Knutsen	Kinn Rødt
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Hilmar Eliasson	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ninja Tolo Ness	Kinn AP		

Andre som møtte:

Annika Sørdal, UKK
Edith Refvik, Eldrerådet
Emma Johannesen, UKK
Weronica Nilsen Toftesund, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå administrasjonen møtte:

Mona Ødegård Standal, nestleiar

Ymse:

Repr. Mortensen (H) tiltredde møtet kl 09.00.

Møtet vart innleia med eit minutt stillheit i samband med Kong Harald V sin bortgang.

Måløy, 02.09.2026

Hilmar Eliasson
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
067/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
068/26	Godkjenning av møteprotokoll
069/26	Spørsmål
004/26	Spørsmål - skjermbruk under måltid i skule og SFO
070/26	Orienteringar
071/26	Refererte skriv og meldingar
072/26	Forskrift om plan for skuledagar i Kinn kommune 2027-2028 - endeleg handsaming
073/26	Reviderte vedtekter for kommunale barnehagar 2026 i Kinn kommune

067/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 067/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

068/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 068/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

069/26: Spørsmål

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Spørsmål besvart i underliggende sak.

OPKUV- 069/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

004/26: Spørsmål - skjermbruk under måltid i skule og SFO

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Spørsmål frå SP v/repr. Halsne - Skjermbruk under måltid i skule og SFO

Det fins ingen nasjonal lov som forbyr skjermbruk i skuletida, og den nasjonale læreplanen regulerar ikkje spesifikt kva ein kan gjere i matpausen. Skjermbruk under måltidet er i stor grad opp til den enkelte skule eller skuleeigar (kommunen) å bestemme. Likevel finnes det klare, faglege råd Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet fraråder skjermbruk under måltid. Dei tilrår at matpausen vert nytta til sosialt samspel, samtaler og ro.

I rapporten til skjembruketvalet blei det konkludert med at skjerm ikkje har nokon pedagogisk funksjon i matpausen, og at måltid bør vere ei skjermfri sone.

Samtidig melder foreldre i kommunen at born vert sitjande å sjå på skjerm under måltid då det vert vist frå NRK Super, eller Supernytt.

Kva retningslinjer har skulen og SFO i Kinn på bruk av skjerm under måltid?

Svar frå leiar:

Tilbakemeldingane frå skulane viser at det generelt er ei restriktiv haldning til bruk av skjerm under måltid, både i skulen og SFO. Fleire skular har dei siste åra redusert skjermbruken ytterlegare, mellom anna som følge av auka merksemd på lesing og meir analog aktivitet.

Som hovudregel blir skjerm ikkje nytta under måltid. Tida blir i staden brukt til mellom anna høgtlesing, lydbok, samtale og sosialt fellesskap rundt måltidet.

Nokre skular opnar for avgrensa bruk av skjerm når dette har eit tydeleg pedagogisk formål. Det kan til dømes vere Supernytt som utgangspunkt for faglege samtalar, lydbøker med bilete eller anna innhald som er knytt til undervisninga. Ved nokre skular er matpausen ein del av undervisningstida, og lærarane vurderer kva arbeidsmåtar som er pedagogisk føremålstenlege.

Alle skulane har ei tydeleg utvikling i retning av mindre skjermbruk og legg større vekt på bøker, høgtlesing, samtale og analoge arbeidsmåtar. Fleire har også valt å utsetje innføringa av iPad for dei yngste elevane.

Samstundes peikar skulane òg på behovet for å kunne ta omsyn til ulike elevgrupper og individuelle behov. For enkelte elevar kan til dømes eit avgrensa og føreseieleg skjermbasert innhald bidra til ro og regulering. Det er viktig at lærarane har eit pedagogisk handlingsrom til å velje metodar ut frå elevane sine behov og den samla læringssituasjonen.

Oppsummert skal skjerm ikkje vere ein fast del av måltidet eller erstatte samtale og sosialt fellesskap. Der skjerm blir nytta, skal bruken vere avgrensa, medviten og pedagogisk grunngitt.

OPKUV- 004/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

070/26: Orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Orienteringar:

Rolf Bjarne Sund, Anita Solbakken og Ann-Kristin Strømmen (Salt Arkitekter) orienterte om prosjekt Florø kulturhus. Presentasjon ligg vedlagt.

Rolf Bjarne Sund orienterte om omorganisering av kultursatsinga i kommunen – flytting av kulturskulen under ansvar «Samfunn, kultur og miljø» der rektor på kulturskulen blir avdelingsleiar under kultursjefen.

Oddgeir Nygård og Mona Ødegård Standal orienterte om status prosjekt Skram skole. Presentasjon ligg vedlagt.

Oddgeir Nygård og Mona Ødegård Standal orienterte om status prosjekt Florø barneskole. Presentasjon ligg vedlagt.

Birte Sandal Rikstad orienterte om Politirådet sitt arbeid i Kinn kommune. Presentasjon ligg vedlagt.

Røysting:

Kommundirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

OPKUV- 070/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

071/26: Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

RS 015/26

Utvalet ønskjer ei orientering i neste møte om friluftsbarmometeret og korleis Kinn kommune ligg an i forhold til dette.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

OPKUV- 071/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

072/26: Forskrift om plan for skuledagar i Kinn kommune 2027-2028 - endeleg handsaming

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Kinn kommune, vert vedteken slik den ligg føre (vedlegg til saka).

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Endringsforslag, foreslått av Hilmar Eliasson, Uavhengig

Forslag i høyringsuttale frå utdanningsforbundet følgast, der planleggingsdag vert flytta til 3 januar 2028.

Røysting:

Framlegg frå UAH v/repr. Eliasson falt med to røyster frå R v/Knutsen og UAH v/Eliasson.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke med 6 røyster (2 H v/Mortensen og Almenning Kvalheim, 1 KrF v/Vig, 1 SP v/Halsne, 1 FrP v/Nesje, 1 AP v/Gravdal).

OPKUV- 072/26 Vedtak:

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Kinn kommune, vert vedteken slik den ligg føre (vedlegg til saka).

073/26: Reviderte vedtekter for kommunale barnehagar 2026 i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek reviderte vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kinn kommune, slik dei ligg føre i vedlegg til saka. Dei reviderte vedtektene gjeld frå 17.09.2026.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.09.2026:

Endring, foreslått av Aud Norunn Vig, Kinn Kristelig Folkeparti

§3 Om antal påmeldte for behovsprøvde dagar er høgt nok, vil bli bestemt i samarbeid med barnehagane

Røysting:

Framlegg frå KrF v/repr. Vig falt med to røyster frå Krf v/Vig og Raudt v/Knutsen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 073/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reviderte vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kinn kommune, slik dei ligg føre i vedlegg til saka. Dei reviderte vedtektene gjeld frå 17.09.2026.